

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 01.06.2023
FRÅ : Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument
i Sjukehusapoteka Vest HF**

ARKIVSAK: 2022/704
STYRESAK: 24/23

STYREMØTE: 08.06.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjent med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
- Retningslinje for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerende direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- SAV Styringsmodell
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
- Konsept for internkontroll i Helse Vest

Oppsummering

Styret har etablert ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

I tråd med føringar frå styret i Sjukehusapoteka Vest vert det berre lagt fram dokument som er nye, eller dokument kor det har vore endringar siste året. ⁱ For Sjukehusapoteka Vest gjeld dette:

1: Retningslinje for leiarløn

- Retningslinje for leiarløn blei vedteken av styret i Helse Vest 20.04.2022. I vedtaket føreset ein at styra i HF-a legg tilsvarande prinsipp til grunn i retningslinje for leiarløn i helseføretaka i Helse Vest.
- For Sjukehusapoteka Vest HF blei Retningslinje for leiarløn vedteken i styremøte 29.09.2022 (jf. sak 25/22).

2: Fullmaktsmatrise

Fullmaktsmatrisa til SAV er oppdatert med henvisning til apoteklova §3-6, der det er relevant. Det gjeld saksområder der innstilling skal ligge føre frå driftskonsesjonær før apotekkonsesjonær fattar avgjerdsle. I tillegg har adm.dir sett det som formålstenleg å presisere at oppretting av nye stillingar ikkje er delegert, men ligg til AD.

Andre dokument

Administrasjonen kan elles ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen som skulle tilseie at det er behov for ytterlegare revisjon av andre av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Fakta

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenester og apotek, som utgjer det overordna rammeverket for sjukehusapotek i spesialisthelsetenesta.

Styrande dokument i Sjukehusapoteka Vest HF er:

1. Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF
2. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
3. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel
4. Retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF
5. Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
6. Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF

7. SAV Styringsmodell
8. Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
9. *Fullmaktsmatrise*
10. Arkivplan for Sjukehusapoteka Vest HF m/vedlegg
11. Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
12. Konsept for intern kontroll i Helse Vest
13. Rutiner for varsling

Kommentarar

Fleire av dei ovanfor nemnde styrande dokument er fastlagd av eigar eller i eit samarbeid med eigar/andre føretak i regionen, og er difor i mindre grad mogeleg for styre å einsidig endre, men dei kan påverkast med innspel/ på førespurnad.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor anbefaler administrasjonen at styret vedtek vidareføring av dei framlagde dokumenta.

Vedlegg

1. Retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF
2. Fullmaktsmatrise

ⁱ Nye styremedlemmer i 2023 og 1. vara tilsett representant har fått tilsendt alle styrande dokument.